



LOM KOMMUNE

MØTEBOK - PROTOKOLL

Utval/styre råd:	Møtedato:	Innkalling av:	Møtestad:
Kontrollutvalet	10. juni 2020	29. mai 2020	Midtgard

Til stades på møtet:

Av i alt 5 medlemmer var 5 til stades.


Ordfører Bjarne Eiolf Holø
Administrasjonssjef Elin Fjeldberg
Konst. økonomisjef Trond Byre-Haakensen
Revisor Anne Hesthagen

Sekretær Morten Sørhage førte møteboka


Møtet vara frå kl. 10.00 – kl. 13.00

Underskrifter:

Vi stadfestar med underskrifta vår at det som er ført på sak 06 - 12/20 er i samsvar med det som vart vedteke i møtet.



Magny Hilde


Terje Odde


Jan Erik Husom

Arnstein Rusten




Elisabeth Lunde

Utskrifter:

Protokoll frå utvalsmøtet sendt til:

- Medlemmane av kontrollutvalet.
- Varamedlemmane av kontrollutvalet.
- Ordføraren og administrasjonssjefen.
- Innlandet Revisjon IKS
- Presse

Innkalling og saksliste vart godkjent utan kommentarar.

**MØTEBOK**

Utval/styre/råd:	Møtedato: 10. juni 2020	Saksnr: 06/2020
Kontrollutvalet		
	Saksbehandlar: Morten Sørhage	

Vedlegg:

- Revisjonsberetning om kommunerekneskapen 2019
- Administrasjonssjefens saksutgreiing
- Rekneskap med vedlegg og årsmelding 2019 (eigen fil)

LOM KOMMUNES ÅRSREKNESKAP – ÅRSMELDING 2019

Etter § 7 (§ 3 i ny forskrift) skal kontrollutvalet gje uttale til kommunens årsrekneskap.

Revisor konkluderer med årsrekneskapen er i samsvar med lov og forskrifter, og gjev i det alt vesentlege ei dekkjande framstilling av finansiell stilling pr. 31. desember 2019.

I saksframlegget til kommunestyret har administrasjonssjefen denne innstillinga til disposisjon:

Innstilling frå administrasjonssjefen:

1. Kommunestyret godkjenner årsregnskap og økonomisk årsberetning for 2019.
2. Kommunestyret tek årsmelding for 2019 til orientering.
3. Mindreforbruk på kr 2.271.880 blir disponert til avsetning disposisjonsfond.
4. Avsette midlar til bundet driftsfond merka med flyktningetiltak, blir overført/avsett til disposisjonsfond med kr 907.000.
5. Administrasjonssjefen får fullmakt til å gjennomføre naudsynt budsjettjustering.

Vurdering:

Etter gjennomgang av motteke materiale har sekretæren for kontrollutvalet ingen merknad til revisor sin konklusjon. Sekretæren har dette forslaget til kontrollutvalet som uttale:

Til kommunestyret i Lom kommune:

Uttale om årsrekneskapen til Lom kommune 2019 frå Lom kontrollutval

Kontrollutvalet handsama i møte den 10. juni 2020 i sak 06/2020 årsrekneskapen til Lom kommune 2018.

Grunnlaget for handsaminga er den framlagde årsrekneskapen, revisjonsmeldinga, og årsmeldinga til administrasjonssjefen. I tillegg har revisor og administrasjonssjefen gjeve kontrollutvalet munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar. Kontrollutvalet legg kommunestyrets handlingsreglar med måltall for økonomisk styring til grunn ved vurderinga.

Årsrekneskapen 2019 er gjort opp med eit mindreforbruk på kr. 2 271 880.

I rekneskapen kjem det fram eit justert netto positivt driftsresultat på kr 3 051 000. Resultatet i 2019 utgjer 1,2 % av driftsinntektene. Lom kommune har eit mål gjennom handlingsregelen at resultatet skal utgjere 2 %.

Netto langsiktig lånegjeld utgjer kr. 204 900 000, som er 83 % av driftsinntektene. Handlingsregelen set 65 %.

Disposisjonsfondet utgjer kr. 31 371 000, som er 12,6 % av driftsinntektene. Det er i samsvar med handlingsregelen som er sett til 10 %.

Kontrollutvalet konkluderer med at måltal for driftsresultat for driftsresultat er under handlingsregelen, medan målalet for disposisjonsfond er i samsvar med handlingsregelen. Lånegjelda er større enn kravet i handlingsregelen. Ut over det som er nemnt over, har ikkje kontrollutvalet kommentarar i saka.

Handsaming:

Administrasjonssjef innleide med orientering om den spesielle arbeidssituasjonen. Konst. økonomisjef orienterte om rekneskapen.

På spørsmål frå kontrollutvalet vart det orientert om oppsett av årsrekneskapen og framtidig layout. Revisor orienterte om revisjonsarbeidet og samarbeidet med administrasjonen.

Utover rekneskapen orienterte administrasjonssjef om organisasjonsendringar i administrasjonen og vurderingar omkring denne prosessen.

Utvalet hadde ingen kommentar til forslaget til uttale.

Vedtak:

Uttale om årsrekneskapen til Lom kommune 2019 frå Lom kontrollutval

Kontrollutvalet handsama i møte den 10. juni 2020 i sak 06/2020 årsrekneskapen til Lom kommune 2018.

Grunnlaget for handsaminga er den framlagde årsrekneskapen, revisjonsmeldinga, og årsmeldinga til administrasjonssjefen. I tillegg har revisor og administrasjonssjefen gjeve kontrollutvalet munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar. Kontrollutvalet legg kommunestyrets handlingsreglar med måltall for økonomisk styring til grunn ved vurderinga.

Årsrekneskapen 2019 er gjort opp med eit mindreforbruk på kr. 2 271 880.

I rekneskapen kjem det fram eit justert netto positivt driftsresultat på kr 3 051 000. Resultatet i 2019 utgjør 1,2 % av driftsinntektene. Lom kommune har eit mål gjennom handlingsregelen at resultatet skal utgjere 2 %.

Netto langsiktig lånegjeld utgjør kr. 204 900 000, som er 83 % av driftsinntektene. Handlingsregelen set 65 %.

Disposisjonsfondet utgjør kr. 31 371 000, som er 12,6 % av driftsinntektene. Det er i samsvar med handlingsregelen som er sett til 10 %.

Kontrollutvalet konkluderer med at måltal for driftsresultat for driftsresultat er under handlingsregelen, medan måltal for disposisjonsfond er i samsvar med handlingsregelen. Lånegjelda er større enn kravet i handlingsregelen. Ut over det som er nemnt over, har ikkje kontrollutvalet kommentarar i saka.

Samrøystes.



LOM KOMMUNE - KONTROLLUTVALET

MØTEBOK

Utval/styre/råd:	Møtedato:	Saksnr:
Kontrollutvalet	10. mai 2020	07/2020
	Saksbehandlar: Morten Sørhage	

KONTROLLRAPPORT 2019 OM SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN I LOM KOMMUNE

Vedlegg:

Kontrollrapport frå Skatteetaten for 2019 om skatteoppkrevjarfunksjonen i Lom kommune
Årsrapport frå skatteoppkrevjaren i Ottadalen
Årsmelding frå Arbeidsgjevarkontrollen i Nord-Gudbrandsdalen

Saksframstilling:

Skatteoppkrevjarfunksjonen er eit samarbeid mellom dei fire Ottadalskommunane. Funksjonen er lagt til Vågå kommune og er regulert etter kommunelova § 28-1b som eit administrativt vertskommunesamarbeid, der administrasjonssjefane (eller den dei delegerer) utgjer eit samarbeidsutval.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare om skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunen vert utøvd tilfredsstillande etter gjeldande regelverk på områda:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnskrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjonen av skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunane medan Skatteetaten utfører kontrollen.

Kontrollrapporten konkluderer med at skatteoppkrevjaren i det alt vesentlege har handla i samband med gjeldande regelverk. Skatteetaten har utført kontorkontrollar for området skatterekneskap. Det har ikkje vore gjennomført stadleg kontroll i 2019.

Arbeidsgjevarkontrollen utgjer 5,2 % av arbeidsgjevarane i Lom kommune. Kravet frå skattedirektoratet er på 5 %. Arbeidsgjevarkontrollen er organisert under Skatteoppkrevjaren i Ottadalen. Verksemda dekkjer heile Nord-Gudbrandsdalen.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek rapporten om skatteoppkrevjarfunksjonen i Lom kommune for 2019 til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet hadde ingen kommentar til saka.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek rapporten om skatteoppkrevjarfunksjonen i Lom kommune for 2019 til orientering. Samrøystes.

MØTEBOK

Utval/styre/råd:	Møtedato:	Saksnr:
Kontrollutvalet	10. juni 2020	08/2020
	Saksbehandlar:	Morten Sørhage

Vedlegg:

Tertialrapport 1/2020

INNLANDET REVISJON IKS – RAPPORT 1. TERTIAL 2020

Innlandet Revisjon IKS rapporterer etter oppdragsavtalen pr. tertial. Vedlagt oppstilling viser oppdragsavtalen og ressursbruken pr. 30/4 – 20, samt prognose for året 2020.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek tertialrapport 1/2020 til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet hadde ingen kommentar til saka.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek tertialrapport 1/2020 til orientering.



LOM KOMMUNE - KONTROLLUTVALET

MØTEBOK

Utval/styre/råd:	Møtedato:	Saksnr:
Kontrollutvalet	10. juni 2020	09/2020
	Saksbehandlar: Morten Sørhage	

Vedlegg:

- Revisors vurdering av uavhengigheit
 - o Oppdragsansvarlege oppdragsrevisorar

VURDERING AV REVISORS UAVHENGIGHEIT

Kontrollutvalet har oppgaver med regnskapsrevisjon etter KommuneLoven § 23 -2 og Kontrollutvalsforskriftens kapittel 3. (Tidlegare lov § 77 nr. 4 og Kontrollutvalsforskriften kapittel 4.

Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at regnskapa blir reviderte på ein forsvarleg måte. Dette er knytta til fleire tilhøve:

- At revisjonen skjer i samsvar med lover, reglar og god kommunal revisjonsskikk
- At revisor er uavhengig og oppfyller kvalifikasjonskrav
- At revisjonen følgjer avtalar som revisor og kontrollutvalet har inngått

Kontrollutvalet fyller sitt ansvar for å sjå til at revisjonen blir utført på ein forsvarleg måte ved å gjennomføre aktiviteter knytte til oppfølging av revisjonen. Dette kan mellom anna omfatte revisor si uavhengigerklæring.

Sekretæren har vurdert revisorane si erklæring om uavhengigheit for 2020 og har ingen merknader til denne.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor si erklæring om uavhengigheit til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet hadde ingen kommentar til saka.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor si erklæring om uavhengigheit til orientering.
Samrøystes.

MØTEBOK

Utval/styre/råd:	Møtedato:	Saksnr:
Kontrollutvalet	10. juni 2020	10/20
	Saksbehandlar: Morten Sørhage	

Vedlegg:

Selskapskontroll "Ansettelser ved Nord-Gudbrandsdal Regionkontor" (eigen fil)

Sak nr. 32/2019 Vågå kontrollutval / Sak nr. 09/2020 Vågå kommunestyre

SELSKAPSKONTROLL OM TILSETTINGAR VED NORD-GUDBRANDSDAL REGIONKONTOR

For sjølve saksutgreiinga, er vedlagt handsaminga i Vågå kommune. For ein kort oppsummering, vart saka varsla til sekretariatet. Varslinga stilte spørsmål ved tilsetting av dagleg leiar og prosjektleiar ved regionkontoret. Nord-Gudbrandsdal regionråd er eigen juridisk eining med dei seks Norddalskommunane som eigarar. Grunna tilknytning bestilte Vågå kommune ei utgreiing av tilhøva. Denne bestillinga er seinare orientert i dei fem andre kontrollutvala. Samtlege har fatta vedtak om kostnadsfordeling med utarbeiding av rapporten.

Vågå kontrollutval gjorde vedtak/innstilling til kommunestyret med anbefalingar og forslag til forbetringar i rutine ved regionkontoret, samt eit punkt om tilhøva til varslarar.

I kommunestyrehandsaminga vart desse forslaga nedstemt, slik at kommunestyrevedtaket vart i samsvar med sekretariatets innstilling.

Vurdering:

Sekretær står fast på opprinneleg innstilling. Den sentrale problemstillinga i saka er dei rettslege høva om habilitet. Vurderinga er om dei involverte personane har handla innanfor gjeldande lovverk. Rapporten konkluderer med at aktørane har vore habile i avgjerslene dei har teke. Ein uavhengig, objektiv rapport er da lagt til grunn og klarlagt dei faktiske tilhøva.

Saka er handsama av Vågå kommunestyre. Da regionkontoret er eigd av kommunane som sjølvstendige einingar, meiner sekretær det er mest korrekt at kontrollutvalet sender saka til kommunestyret til ordinær handsaming.

Forslag til vedtak/innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret tek rapporten "Ansettelser i Nord-Gudbrandsdal Regionråd" til etterretning og ser saka som avslutta.

Handsaming:

Kontrollutvalet ser nytten av ein gjennomgang av hendingane. Utover dette har ikkje utvalet kommentar til saka.

Innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret tek rapporten "Ansettelser i Nord-Gudbrandsdal Regionråd" til etterretning og ser saka som avslutta.

Samrøystes.

**MØTEBOK**

Utval/styre/råd:	Møtedato:	Saksnr:
Kontrollutvalet	10. juni 2020	11/2020
	Saksbehandlar:	Morten Sørhage

Vedlegg:

Kjell Brandsar – brev med innspel (merka 1)
Kjell Brandsar – brev med overskrift "Tiltakspakke korona"
Orientering frå administrasjonssjef

TILTAKSPAKKE KORONA**Bakgrunn:**

Kontrollutvalet har motteke innspel med fleire spørsmål. Saka var handsama som orientering i kommunestyret 26. mai. Opposisjonen i kommunestyret, Lomslista og Lom arbeidarparti, har sendt desse konkrete spørsmåla til kontrollutvalet:

Lomslista og Lom Arbeiderparti ynskjer at kontrollutvalet ser på desse punkta når det gjeld ordninga kring tiltakspakke for korona.

- 1. Er tiltakspakka oppretta etter delegert mynde til administrasjonssjefen da dette er ei ordning med utbetaling på over 300 000,-?*
- 2. Er reglar for dokumentasjon gjennom saksgangen og møter overhalde?*
- 3. Er retningslinane og vedtektene til næringsfondet overhalde?*
- 4. Er vedtak gjennom prosessen overhalde når det gjeld både gamalt og nytt delegeringsreglement?*
- 5. Grunna spørsmål om dokumentasjon gjennom saksgangen, må ein stille spørsmål kring involvering og habilitet til ordførar. Er det gode referat frå møter der oppstart av ordninga har våre diskutert som viser at ordførar ikkje har vore involvert? Kva er meint med "politisk dialog" kring tiltakspakka frå næringsmøtet på Facebook 2. april? Kva var grunnen til hastemøtet før næringsmøtet på Facebook på Messenger 2. april?*

Administrasjonssjef orienterte om prosessen i kommunestyremøtet 26.5.20. (vedlagt). Orienteringa syner tidslinja i arbeidet, vurdering vilkår/reglement næringsfond og erfaring med arbeidet.

Vurderingskriteriar:

Kommunelovens § 23 gjev mandatet til kontrollutvalet. Pkt. b føreskriv av kontrollutvalet skal sjå til at "det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak".

Forskriften om kontrollutval og revisjon gjev ei avgrensing/presisering av mandatet: "Kontrollutvalget kan ikke overprøve politiske prioriteringer som er foretatt av kommunens eller fylkeskommunens folkevalgte organer eller andre kommunale organer."

Kommunelovas § 27 føreskriv at vurdering av vedtak skal gjerast ved ein lovlegheitskontroll ved Fylkesmannen. Dette må fremjast av tre kommunestyrerepresentantar.

Vurdering av desse nemnde heimlane gjev *konklusjonen* at kontrollutvalet kan vurdere om arbeidet med tiltakspakka er i samsvar med lovverk og kommunale vedtak. Utvalet kan ikkje overprøve vurderingane. Det vil heller ikkje vera innanfor mandatet å evaluere kvalitet i arbeidet og/eller prioriteringane som er gjort utover regeletterleving.

Vurdering:

Innspelet til kontrollutvalet stiller konkrete spørsmål andsynes regelverk. Det har også spørsmål omkring prosessen og tolkning av begrep i samanhengen.

Administrasjonssjef går i orienteringa gjennom prosessen med arbeidet. Pkt. 2 viser vurderingar administrasjonen har gjort andsynes regelverket. Vurderingane er ikkje direkte svar på tilsende spørsmål, men sentrale kriteriar er delegasjonsreglement og næringsfondsvedtekter.

Kontrollutvalet må vurdere om denne orienteringa er tilstrekkeleg oppklarande. Alternativt kan utvalet be ein utanforståande aktør vurdere spørsmåla. Kontrollutvalet har ein avtale med Innlandet Revisjon IKS som omfattar denne type utgreiingar.

Oppdragsavtalen med Innlandet Revisjon IKS gjev grunnlag for budsjettet for kontroll og tilsyn. Det er økonomiske rammer for eit slik oppdrag.

I vurderingane oppimot dei to alternativa må kontrollutvalet gjera ei vesentlegheitsvurdering, der ein vurderer kost/nytte-verdien av ein ekstern gjennomgang og vurdering.

Innstilling til vedtak:

Saka blir lagt fram utan innstilling.

Handsaming:

Utvalsleiar Magny Hilde ba om vurdering av sin habilitet. Spørsmålet var meldt inn på førehand, utvalsleiar slik at varamedlem Bård Hanem deltok i møtet. Utvalsleiar Magny Hilde gjekk frå under handsaming av spørsmålet. Nestleiar Terje Odde leia handsaminga av spørsmålet. Eit samla kontrollutvalet vurderte utvalsleiar habil i saka.

Administrasjonssjef orienterte om handsaminga på grunnlag av stilte spørsmål, og gjorde greie for vurderingane som var gjort. Om tilhøva måtte handsamast fort, meiner ho at handsaminga er innanfor delegasjonsreglementet.

Ordførar orienterte om prosessen der det politiske miljø var orientert om handsaminga. Her vart presisert at formannskapet ikkje var involvert i handsaming av sakene.

Kontrollutvalet stilte oppfølgingsspørsmål og drøfta tilhøva. Utvalet konkluderte med at denne handsaminga og prosessen hadde gått noko fort. Utvalet ser utydeleg ordbruk og oppmodar om at retningslinjene blir gjennomgått. Saka syner at det er viktig å vera oppmerksam på habilitet. Eit samla utval ser ingen grunn til å gå vidare med undersøkjing av handsaminga.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek orientering frå administrasjonssjef og ordførar til etterretning og avsluttar saka. Samrøystes.

MØTEBOK

Utval/styre/råd:	Møtedato:	Saksnr:
Kontrollutvalet	10. juni 2020	12/2020
	Saksbehandlar:	

ARBEIDSMØTE

Kontrollutvalet drøftar aktuelle saker for vidare orientering eller handsaming.

Forslag til møtedatoar hausten 2020:

22. september

2. desember

Utvalsleiar tok opp habilitetsspørsmål i framtidig rolle i vervet.

Sekretær orienterte om prosessen med risiko- og vesentlegheitsvurdering. Det er eit mål at vurderinga kan gje grunnlag for at plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll kan leggjast fram i neste møte. I samanhengen meiner utvalet ein må ta omsyn til omorganiseringa i administrasjonen, slik at ein ikkje belastar med omfattande kontrollarbeid før ny organisasjon er på plass.

Kontrollutvalet etterlyser oversikt over eigendomar og vedlikehaldsplan etter forvaltningsrevisjonen "Gjelds- og fondsforvaltning" i 2018. Sekretær etterlyser attendemelding.

I samanhengen med eigedsforvaltninga er det stilt spørsmål om at det står tome flyktningeboligar. Kontrollutvalet ber om ei orientering om eventuell endring i bruken av desse i høve finansieringsreglane.

Kontrollutvalet hadde ingen kommentar til forslag møtedatoar andre halvår 2020.

Vedtak:

Møtedatoar hausten 2020:

22. september

2. desember